

# Ein nynorsk fantasi

I februar 2009 kjem verdas fyrste fantasyroman på nynorsk for vaksne.

Av Hege Myklebust

Handlinga går føre seg i ei anna verd og ei anna tid enn vår, men boka er skriven på Stord av stordabuen og debutanten Kristine Tofte (38). Kristine har aldri publisert noko tidlegare, men har alltid skrive. – Eg har det som ei ungjente på sitt første ball – eg håpar å få dansa med prinsen, men er sikker på å bli veggpyrd. Eg kjenner meg sikker på å feila, og sikker på å lukkast. Det er vanskeleg å ha realistiske forventingar.

## Fersk sjanger i Noreg

Fantasysjangeren er kanskje ukjent for mange. Bergen offentlege bibliotek definerer han slik:

«Fantasylitteraturen bringer leseren inn i en spennende verden full av magi og fantastiske skikkelser. [...] Handlingen utspiller seg i en fantasiverden. Denne verden eksisterer uavhengig av vår egen verden. [...] Det sentrale temaet i de fleste fantasy-bøker er kampen mellom det gode og det onde. Hovedpersonen må redde universet ved å kjempe mot de onde maktene som truer med å ødelegge det».

I Noreg kjem det ut svært få fantasybøker, og mange har gjerne eit dårleg inntrykk av fantasylitteratur. Det er ikkje rettvis mot sjangeren, tykkjer Kristine.

– Fantasy blir ofte dømt etter dei dårlegaste produkta i sjangeren, om lag slik som krim og andre spenningsbøker. Dei er «ikkje ordentleg litteratur» på ein måte. Fantasybøker har vore lite omsett til norsk, anna enn klassikarane Ringenes Herre (Ringdrotten), Narniabøkene og Harry Potter. Men

det finst mykje god litteratur som ikkje er omsett. Om ein skal måla litteratur bør det vera det fremste innan sjangeren som set standarden, det blir ofte ikkje gjort her i Noreg.

– *Korleis kom du på at det var nett ein fantasyroman du ville skriva då du skulle byrja på di fyrste bok?*

– Eg har i grunnen ikkje lese så mykje fantasy sjølv. Mannen min er derimot veldig glad i det, og han brukte å lesa høgt for meg om kveldane. Då byrja eg å lika det. Det er ei episk kraft i desse bøkene,

handlinga går føre seg langs dei store linjene. Han las Røde Orm for meg, ei svensk vikingsoge som er svært morosam – ei bok alle burde lesa. Men den verkelege augeopnaren var The Fionavar Tapestry, av Gavriel Kay. Det var ei bok som både var fantasy og god litteratur. Det var fyrst då eg tenkte at «slik har eg lyst å skriva sjølv».

– *I kva grad oppfyller boka di sjangerforventningane til fantasylitteratur?*

– Det er noko som vert kalla høgfantasi, og som handlar om

vesen som ikkje er menneske. Miljøet er ofte middelaldersk. Kampen mellom det gode og det vonde

er ikkje det sentrale, men det kan vera ei motsetning mellom til dømes kaos og kosmos, og slik er det i mi bok. Det er vanleg med parallelle verder, eller verder som er sykliske. Mi bok handlar om den verda som var før vår verd, og eg har brukt det norrøne diktet "Voluspá" frå Den eldre Edda som utgangspunkt. Spåkvinna eller volva som fortel i "Voluspá," framstiller seg sjølv som eit vesen

utanfor tida. Ho har sett verda bli til i møtet mellom is og eld, og ho ser verda gå under og ei ny verd blir til. Hovudpersonane er menneske. Nokre av gudane frå norrøn mytologi finst her, og volvene, men hovudpersonane er menneske.

## Ei magisk verd

Historia handlar om to unge jenter på 14 og 15 år, som har vakse opp i ein dysfunksjonell heim. Dei blir kasta ut i store hendingar, og blir sentrum for mykje merksemd.

– Eg kunne plassert historia i vår eiga verd, men historia ville blitt annleis då. Eg likar kjensla av det magiske,

og når ein skriv samtidsromanar har ein så mange kvardagslege snubletrådar. I fantasyverda har eg fleire moglege val. Jentene blir stilt overfor store moralske dilemma. Eg hadde lyst å ha unge hovudpersonar, for i 14-15-årsalderen tenkjer ein så store tankar, har store planar og vyer. Eg kan kasta dei ut i ein situasjon der det dei drøymmer om blir sant, og kva skjer då? Eg vil at historia skal vera realistisk psykologisk sett, dei er vanlege tenåringar, og reaksjonsmønsteret deira liknar dei me finn i vår eiga verd.

– *Kvar hentar du inspirasjon til karakterane og historiene dine?*

– Den fyrste karakteren byrja nærast som ein historisk roman, sett i norrøn tid. Eg las mykje om 1000 – 1100-talet, mytologi, skikkar og kultar frå den tida. Eg las om blotgydjene, offergudinner som stod for dei store blota med menneskeofringar. Eg vart nyfiken på desse damene. Kva kvinner er i stand til å ofra spedbarn? Kva gjer det med eit menneske å vera med på slikt, å vera pålagt det? Eg byrja å skriva om ei slik kvinne, men denne

“Eg likar kjensla av det magiske.”

“Eg har det som ei ungjente på sitt første ball.”



DEBUTERER MED FANTASY: Kristine Tofte frå Stord skriv fantasyroman på nynorsk, og gler seg til å sjå debutboka Song for Eirabu ferdig i februar. Foto: Hege Myklebust

karakteren er borte no, ho vart ikkje med i boka. Eg har skriva mykje som ikkje blir med i den ferdige boka.

Det ferdige verket blir eit tobandsverk, der kvart band er på 450 – 500 boksider. Tittelen på det første bandet er Song for Eirabu. Det er ein sjølvstendig roman, men oppfølgjaren er under produksjon.

– Eg veit mykje om kva som skal skje i band 2, men er ikkje ferdig med historia. Eg har ein del tekst, og siste kapittel er ferdig. Det blir likevel spennande å gå i gang med det som manglar.

“Det skjer noko rart når ein blir mor.”

## Frå Århus til Stord

Kven er denne kvinna som reiser ut i verda, tek ei god utdanning, flyttar heim til Stord, får draumejobben, men seier han opp for å gå i gang med eit digert romanprosjekt på full tid?

– Eg voks opp på Stord, eg budde her frå eg var seks til eg var 18 år. Sidan studerte eg i Bergen nokre år. Eg gjekk på folkehøgskule, var i Israel, og tok embetsstudiet i psykologi i Danmark. I 2002 flytta eg altså heim att til Stord,

med dansk ektemann og det første barnet på slep. Det skjer noko rart når ein blir mor. Eg hadde aldri venta at eg skulle flytta heim att, men verda såg annleis ut då eg fekk barn sjølv. Her på Stord har eg foreldra mine, og eg kjenner oppvekstvilkåra. Foreldra mine var gode foreldre, og eg er glad dersom eg kan bli noko i nærleiken så god for mine ungar. Eg oppdaga at eg hadde lyst å bu her, og dansken ser ut til å trivast. Han er arkitekt og driv for

seg sjølv.

– *Og korleis var gjensynet med heimstaden?*

– Eg har jo alltid vore heime på

ferie, så det var ikkje heilt framand. Men verda ser annleis ut når ein er vaksen, det gjeld òg Stord. Dottera mi går på Leirvik skule der eg gjekk sjølv. Skulen ser liten og annleis ut no, tykkjer eg. No har me nett overteke barndomsheimen min òg, så ringen er på ein måte slutta.

## Nynorsk er sexy

– *Du gjev altså ut debutromanen din på*

nynorsk. Vurderte du å skriva bokmål?

– Ja, eg vurderte det. Dei første 20 sidene var på både bokmål og nynorsk. Eg spurde forlaget om dei føretrekte bokmål. Fantasy for vaksne er på ein måte sært nok i seg sjølv. Men eg har fått lov å velja det som gjer boka best, og eg tykte det fungerte best på nynorsk.

Kristine har mange tankar om nynorsken, og valet av språk er nok ikkje heilt tilfeldig.

– Eg byrja med eit litt gamalmodig nynorsk for å gje språket tidskoloritt, men det vart for vanskeleg å både lesa og skriva. Historia er meir moderne, og kravde eit moderne språk. No skriv eg dialektnært – det er mi stemme eg brukar. Mange tenkjer at nynorsk er for vanskeleg, dei skriv for mange feil. Eg merkar det sjølv òg, eg skriv feilfritt på bokmål, men ikkje på nynorsk. Men dersom alle er redde for det, forsvinn nynorsken. Språkvaskarane får ta seg av feila til slutt. Eg tykkjer nynorsk passar godt til fantasy. Nynorsk er fleksibelt, og det er eit sexy språk. Det har spenning i seg, det representerer på ein måte ytterpunkta